

## NOTAT

<b>GÅR TIL:</b>	Styremedlemmer
<b>FØRETAK:</b>	Helse Fonna HF
<b>DATO:</b>	16.09.16
<b>FRÅ:</b>	Administrerende direktør
<b>SAKSHANDSAMAR:</b>	Laila Nemeth
<b>SAKA GJELD:</b>	<b>Status bygg Haugesund 2030</b>
<b>STYRESAK:</b>	<b>048/16</b>
<b>STYREMØTE:</b>	<b>23.09.16</b>

### Administrerende direktør si orientering pkt. 6

Forprosjektet starta opp mai 2016, nokre månader før plan. 16 prosjektgrupper er i sving, med nærare 200 medarbeidarar, verneombod, tillitsvalde og brukarar. 26.08.16 var 140 av desse samla til «Kick off» for å forankre organisasjonsutviklingsarbeidet og viktige vegval før ein går vidare med bygg og programmering. Tidleg i konseptfasen blei det utvikla nye driftskonsept for det framtidige sjukehuset i Haugesund. Desse modellane legg til grunn spennande nye tankar som til dømes felles akuttmottak for somatikk, psykisk helsevern og rus, felles eining for aldersmedisin (geriatri og alderspsykiatri), ny pasientflyt for til dømes operasjonspasientane samt ei fullautomatisering av laboratorieverksemda. Sjukehuset har òg hatt ei gruppe som har jobba med framtidens parkeringsløyising, og har kome med forslag på tiltak for å sikra pasientar og besøkande parkering, og redusera behovet for parkering blant dei tilsette.

No i haust har prosjektgruppene hovudfokus på byggeteknikkar og programmering av rom og utstyr, men allereie over nyttår tek ein opp igjen arbeidet med å utvikla organisasjonen, og førebu denne på det nye bygget og dei nye modellane. I det arbeidet vil det og arbeidast vidare med korleis organisasjonen skal ta ut dei gevinstane som blei utarbeida i konseptfasen. For å sikre dette, har ein og i løpet av forprosjektfasen lagt opp til fleire utsjekkmøter med gevinstrealiseringsgruppa og dei ulike prosjektleierane. På denne måten kan ein fange opp om det har kome fram nye element som rokkar eller styrker dei gevinstane som ligg til grunn og for den økonomiske bæreevna.

Administrerende direktør fekk 14.06.16 ein rapport frå bedriftshelsetenesta og HMS-eininga om kjemikaliehandtering ved Seksjon for patologi. Rapporten peiker på monalege utfordringar kring dagens lokalar både når det gjelder areal, branntryggleik og ventilasjonsanlegg. Rapporten slår mellom anna fast at ein må auke ventilasjon, kapsle inn maskinar, endre rutinar, bygge om lokala og kjøpe inn utstyr (maskinar). For å gjere desse tiltaka må eininga byggast om og det må investerast større summor i infrastruktur og utstyr. Administrerende direktør vurderer at dei tiltaka som må gjerast har eit slikt omfang at det vil koste fleire titals millionar kroner og at det i ombyggingsperioden vil vere naudsynt å stenge eininga. Administrerende direktør har grunna omsyn til arbeidsmiljø og pasienttryggleik bedt arkitektane om ei vurdering om kva som skal til for å likevel ta med eining for patologi i første byggetrinn. Styringsgruppa har gitt si tilslutning til dette.

Administrerende direktør vil etter at arkitektene har vurdert om det er mogleg å ta med patologi i byggetrinn 1 kome tilbake med informasjon om kva følgjer dette får for andre funksjonar.

Det er lagt opp til kostnadsstyrt prosjektering i forprosjektfasen. Dette hadde ein god erfaring med frå konseptfasen, og inneber at ein har fleire utsjekkpunkter knytt til prosjektkostnad og økonomisk ramme. Dersom ein overstig ramma, vil prosjektet bli teken ned undervegs.

Reguleringsplan arbeidet er i rute. Planutkast har vore ute til første høyring, og innspela er no til gjennomgang. Reguleringsplanprosessen har som mål og vere ferdigstilt våren 2017.

Til no i prosjektet ligg ein i rute i høve til tidsskjemaet og har og eit mindreforbruk av timar i høve til det oppsatte budsjett. Det er eit stort og positivt engasjement i organisasjonen knytt til ByggHgsd2020.

---